Hjartdal kommune

Arkivsaksnummer:2021/439-13
Saksbehandlar: Helle Solberg

SAKSFRAMLEGG

1.gongsbehandling - høyringsforslag - kommunedelplan for kulturmiljø - kulturmiljøplan for Hjartdal kommune

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Forslag til kommunedelplan for kulturmiljø – kulturmiljøplan - sendast ut på høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova pbl § 11-14.

Samandrag

Arbeidet med kommunedelplan for kulturmiljø - kulturmiljøplanen - starta i 2021 og er ved utgangen av 2024 klar til framlegging for 1.gongshandsaming. Arbeidsgruppe med faglege representantar har vore med i prosessen. Det har blive innvilga til saman kr 200 000 i tilskot for gjennomføring av kulturmiljøplanen. Hovudføremålet med ein kulturmiljøplan for Hjartdal vil være å få ein meir systematisk og heildekkjande oversikt over kulturminna som finst i kommunen.

Saksopplysningar

Kulturmiljøplan er ein del av planstrategien for 2021-2023 som blei vedteke i kommunestyret i desember 2020. Ved oppstart av planarbeidet var planen omtala som kulturminneplan. Ei ny stortingsmelding om «Nye mål i kulturmiljøpolitikken» anbefala å bruke «kulturmiljø» som eit samlebegrep i staden for kulturminne, derav namneendringa til kulturmiljøplanen.
Dei nye nasjonale måla i kulturmiljøpolitikken legg vekt på engasjement, berekraft og mangfald:

• Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
• Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.
• Eit mangfald av kulturmiljø skal bli tatt vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.
«En kulturminneplan er kommunens oversikt over viktige kulturminner og kulturmiljøer og inneholder en plan for forvaltningen av disse. Planen gir kunnskap om fortida og avklarer hvilke kulturminner en vil ta vare på i framtida.» (Riksantikvaren.no)

Det viktigaste innhaldet i ein kulturmiljøplan er:
• Skildring av og kart over dei viktigaste kulturminna i kommunen
• Forslag til forvalting og skjøtsel av desse kulturminna
• Korleis kulturminna skal integrerast i kommunal planlegging og verksemd
• Handlingsdel med tiltak for gjennomføring av planen sine målsettingar

Kulturmiljøplanen for Hjartdal må sjåast i samanheng med kommuneplanens samfunnsdel, arealplanen, og reguleringsplanar, arbeidet med UKL Svartdal og Hjartdal, samt planverk, vedtak eller lovverk som omhandlar kulturminne.

Hjartdal kommune har tidlegare vurdert at kulturmiljøplanen skal utarbeidast som ein kommunedelplan i tråd med pbl. § 11-1, 3. ledd. Planen legg ikkje rammer for framtidig utbygging, og den får heller ikkje vesentlege verknader for miljø og samfunn. Planen er difor ikkje omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar jf. Pbl § 14-1. Kommunestyret har 5.5.2021 fastsett eit enkelt planprogram for å forankre prosessen politisk, utover at det allereie er vedteke i planstrategien at planen skal utarbeidast. Planprogrammet gjer også greie for medverknad, politiske handsamingar, framdrift og økonomi.

Eit viktig verktøy

Ein kulturmiljøplan der ein får oversikt over kulturminna og vurderer kulturminna sin verdi, er viktig for kommunen sitt planarbeid og øvrige verksemd. For areal-, plan- og byggesakshandsaminga vil ein enklare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane. Ein politisk vedteke kulturminneplan vil i framtida vere med på å gje føringar korleis omsynet til kulturminne og kulturmiljø skal ivaretakast i kommuneplanens arealdel, for eksempel gjennom bruk av arealformål, føresegner og omsynssoner, og i kommunens øvrige verksemd, frå plan- og byggesak, til eigedomsforvaltning, skole og undervisning, næring, samferdsel med meir.

Historikk

2021-2022

Arbeid med Kulturmiljøplanen stara opp i 2021.
Prosjektleiar var samfunnsutviklar skog, Hans Jørgen Aase frå administrasjonen.
Det vart innvilga kr 100 000 frå Riksantikvaren til arbeidet.
Planprogrammet for kulturmiljøplan vart sendt ut på høyring i mars 2021. I forkant av utarbeiding og utsending av planprogrammet hadde administrasjonen to møter med Hjartdal historielag. Historielaget har ivra sterkt for utarbeiding av kulturmiljøplan i kommunen.
Planprogrammet blei fastsett i kommunestyret den 5.5.2021, sak 24/2021.

I arbeidsgruppa er fylgjande gruppe representera:
Politisk representant
Historielaget
Hjartdal bonde – og småbrukarlag
Hjartdal bondelag
Administrasjon
Tuddal bygdetun er med i oppstartfasen, men er ikkje med i det vidare arbeidet og sluttføringa.

2023

Samfunnsutviklar jordbruk Helle Solberg overtok prosjektleiinga etter Hans Jørgen Aase da han gjekk ut i permisjon.
Det opna seg ein moglegheit for å søkje ekstra midlar til frå Vestfold og Telemark fylkeskommune, Hjartdal kommune får tildela ytterlegare kr 100 000 basera på framlagt budsjett frå Kulturlandskapssenteret. Det er eit vilkår at midlane skal nyttast til å leige inn ekstern bistand for ferdigstilling av planen.
Ingen arbeidsmøte i gruppa dette året, men planlegginga held fram med oppsett møte rett på nyåret i 2024.

2024
Det er heldt 3 møter i arbeidsgruppa, planen er klar til fyrste gongs behandling i november.

Vidare saksbehandling
Forslag til kulturmiljøplan blir sendt på brei høyring og offentleg ettersyn.
I tillegg vil utval for plan og utvikling samt utval for levekår og kultur få saka til orientering i høyringa.

Etter høyring/offentleg ettersyn blir alle innspel og merknader vurdera og eventuelle forslag til endringar i planforslaget blir lagt fram for 2.gongsbehandling i formannskapet og sluttbehandling i kommunestyret.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at den tematiske kommunedelplanen for kulturmiljø blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i minst seks veker i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11-14.

Vedlegg:

1 Kulturmiljøplan Hjk_Utkast3_lita fil
2 Særutskrift Godkjenning av planprogram for kommunedelplan for kulturmiljø
3 Planprogram kulturmiljøplan Hjartdal